



DEN NORSKE KYRKJA
Hafslo sokneråd

dok 377

Kultur- og kirkedep.	
SI	
Saksnr. 200800738	Dato 8.9.08
Kode ki 501	Beh.

Postboks 93
6866 GAUPNE
Tlf: 57685648
Faks: 57685646

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Gaupne, 05.09.2008
Vår sakshandsamar: Marianne Moseng
Vår ref.: 08/00009-003
Arkivkode: 002.9

HØYRING - STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE

Hafslo sokneråd har i møte 27.08.08, i sak 037/08, gjort slikt vedtak:

” Hafslo sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane.

Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvale. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Hafslo sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av innstillinga, er ein klar føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Hafslo sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.”

Venleg helsing

Marianne Moseng
Marianne Moseng
Kyrkjelydssekretær